



Firda Sjøfarmer AS
Kalvøyna 75
5970 BYRKNESØY

Bakgrunn og forklaring til løyve etter ureiningslova for akvakulturproduksjon i sjø på lokaliteten Bårøy i Gulen kommune, og varsel om sakshandsamingsgebyr.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve nytt mellombels løyve etter ureiningslova for utviding av matfiskanlegget ved Bårøy til 5460 tonn MTB, fram til 31.05.2019. Løyve med tilhøyrande vilkår følgjer med som vedlegg. Løyvet gjeld berre saman med løyve etter akvakulturlova. Det er sett vilkår om ny C-undersøking i løpet av førstkomande produksjonsperiode (2017-utsettet). Resultata av undersøkinga skal vere grunnlag for å kunne vurdere om ei eventuell permanent utviding kan vere forsvarleg. Gebyr for sakshandsaminga er varsla til kr. 19 700,-.

Vi viser til søknad frå Firda Sjøfarmer AS oversend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 01.02.2016, og seinare komplettert 23.06.2016 med kommunen si fråsegn. Søknaden gjeld utviding av lokaliteten Bårøy i Gulen. Vi er lei for at det har teke lang tid å ferdigbehandle søknaden hjå oss.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve nytt mellombels løyve etter ureiningslova for matfiskproduksjon av laksefisk i merd, på visse vilkår. Løyvet gjeld for ein produksjon på inntil 5460 tonn maksimal tillaten biomasse (MTB). Løyvet med vilkår følgjer vedlagt. Merk også at vedlegga til løyvet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Vi ber om at vedlegget om "orientering til fylkesmannen" blir returnert hit så snart som råd.

Vi gjer merksam på at løyvet til utvida produksjonsmengd berre kan takast i bruk dersom anlegget også får løyve etter akvakulturlova frå fylkeskommunen. Dersom det ikkje vert gjeve utvida løyve etter akvakulturlova, eller det vert gitt ei mindre utviding enn omsøkt, vil dei nye løyvedokumenta frå Fylkesmannen likevel erstatte tidlegare utsleppsløyve, men då berre gjelde for same produksjonsmengd som etter akvakulturlova.

Kort omtale av saka

Tidlegare drift

Fylkesmannen gav i 1998 utsleppsløyve for etablering av akvakulturanlegg i sjø ved Bårøy med ein produksjon på inntil 24 000 m³, tilsvarande 1560 tonn MTB. Løyvet vart utvida til å gjelde for 3120 tonn MTB i 2006. Lokaliteten har vore i kontinuerleg drift sidan førre utviding, med haustutsett annakvart år (2007, 2009, ..., 2015).

Søknaden

Firda Sjøfarmer AS søker om å få auke lokalitetsbiomassen på lokaliteten Bårøy frå 3120 tonn MTB til 5460 tonn MTB (+ 75 %). Arealbruken på lokaliteten vert også utvida, ved at det vert lagt til ein ekstra ring i kvar ende av dagens anlegg. Anlegget aukar såleis frå fire til seks ringar på rekke (+ 50 %), anleggsramma blir 100 x 600 meter.

Arealbruksplanar

Dagens anlegg på lokaliteten Bårøy er plassert på eit areal som i gjeldande arealdel til kommuneplanen for Gulen (2012-2024) er avsett til akvakultur (AK). Dei nye ringane er også planlagt inne i AK-området. Alle fortøyingane til anlegget går ut i areal som er avsett til fleirbruksområde i sjø (FFNF) eller natur- og friluftsområde (NF). Føresegnene til kommuneplanen opnar for dette: «*Fortøyingar til akvakulturanlegg kan ved behov gå utanfor område avsett til akvakultur (AK), dersom dette ikkje er i konflikt med tilgrensande arealbruk. Fortøyingar skal ikkje gå inn i områder merka «Fiske».*

Kommunal handsaming av søknaden

Gulen kommune har 20.06.2016 ikkje merknader til søknaden. Kommunen viser til at området er avsett til akvakultur i kommuneplanen, og at det ikkje kom inn merknader frå ålmenta ved offentleg ettersyn av søknaden.

Om aktuelt regelverk og vurderingsgrunnlag

Fylkesmannen avgjer saka etter ureiningslova, og som del av den vurderinga skal vi ta spesielt omsyn til føringane i naturmangfaldlova og vassforskrifta.

- **Ureiningslova** har som føremål «*å verne det ytre miljø mot forurensning og å redusere eksisterende forurensning, å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall. Loven skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at forurensninger og avfall ikke fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse.*»

Ved avgjerda om å gje løyve og ved fastsetjinga av vilkåra legg vi vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett opp mot dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg, jf. ureiningslova § 11. Fylkesmannen legg vidare til grunn kva resultat ein kan oppnå ved å nytte beste tilgjengelege teknologi og teknikkar. Ved fastsetjinga av vilkåra for drifta er omsynet til det ytre miljøet ivareteke så langt som mogleg.

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i ev. ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. også dei generelle pliktene som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

- **Naturmangfaldlova** (nml.) set forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar og inneheld ei rekkje miljøfaglege prinsipp (§§ 8-12) som skal leggjast til grunn ved all offentleg sakshandsaming som har verknad for naturmangfaldet:
 - § 8 om kunnskapsgrunnlaget
 - § 9 om føre-var-prinsippet
 - § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning
 - § 11 om tiltakshavar betaler
 - § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar
- Miljøtilstanden i alt vatn skal i følge *forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta)* oppretthaldast på eit godt nivå, og vernast mot forringing. Ny påverknad i form av nye utslepp (eller auka utslepp) kan i hovudsak berre skje dersom vassførekomstane ikkje får redusert sin økologiske miljøtilstand. Vassforskrifta er førande for Fylkesmannen sine vurderingar av om nye eller endra løyve etter ureiningslova for verksemd med utslepp til vatn kan gjevast, og for enkelte av vilkåra som vert sett i utsleppsløyva.

Fylkesmannen si vurdering etter ureiningslova av denne søknaden er avgrensa til verknader av utsleppa frå akvakulturproduksjon på staden. Vi vurderer ureiningsverknader av normale utslepp frå drifta, slik som utslepp av fôrrestar, fiskeekskrement, vaskekjemikaliar, notimpregnering, legemiddel, lukt, støy m.m.

Vurderinga vår av ev. andre verknader på natur, miljø og friluftsliv skal ikkje leggjast til grunn for avgjerda vår etter ureiningslova, etter dagens forvaltningspraksis og ansvarsfordeling mellom dei ulike sektormyndigheitene som handsamar akvakultursøknader. Vi gjev ei fråsegn til fylkeskommunen i eige skriv om dette, som de får kopi av.

Naturverdiar i området og miljøpåverknad frå anlegget

Lokaliteten Bårøy ligg på austsida av Bårøy, ved Bårøyosen i ytre del av skjergarden i Gulen kommune. Botnen skrånar bratt ned frå Bårøy og flatar ut til om lag 70-100 meter i anleggsområdet, og vidare til over 120-130 meter i osen nord for anlegget. Sør for anlegget er djupna rundt 70 meter midt i sundet. Det er fleire grunne vågar, viker og sund i nærområda til anlegget.

Marint naturmangfald og marine naturtypar er generelt dårlegare kartlagt enn tilsvarande naturverdiar på land. Fylkesatlas¹, Naturbase², Vann-Nett³ og Fiskeridirektoratet si kartteneste⁴ har noko informasjon og registreringar i områda rundt lokaliteten Bårøy:

- Lokaliteten Bårøy ligg i vassførekomst Kvitnesosen (ID-nr 0280010202-C i Vann-Nett), som er ein beskytta kyst/fjordvassførekomst. Det er sparsamt med data til å klassifisere den gjennomsnittlege miljøtilstanden for heile dette området, men det vesle som finst tyder på ein god økologisk tilstand. Området er ikkje sett i risiko for at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert oppnådde i første planfase (2016-2021).
- Kvernøyna naturreservat ligg om lag 1 km nordvest for anlegget. Dette området er verna for å ta vare på ein viktig hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for sjøfugl. Området er idag viktigast for grågås. Det er også registrert fleire andre sjøfugllokalitetar i området. Steinsøyna og Einebærholmane er dei næraste, 1 og 1,5 km unna.
- På nordvestsida av Bårøyna og på øyane vestover er det tareområde.
- Anlegget ligg i nordenden av eit større gytefelt for torsk frå Keipenesosen til Nappsholmen, som er vurdert som lokalt viktig.
- Det er registrert rekefelt i Kvitnesosen og Mjømneosen, begge ca. 2 km unna, og fiskeområde for ulike fiskeslag og skaldyr nord og vest for anlegget.
- Øyane aust og nord for anlegget er del av eit større lokalt viktig friluftsområde for båtutfart.

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikaliar og avfall/ farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle ureiningsfare.

Dei utsleppa til vatn som eit anlegg har, må kunne omsetjast av naturen etter kvart for å ikkje overbelaste miljøet. Akvakulturanlegg er difor pålagt hyppig miljøovervaking på lokaliteten gjennom akvakulturdriftsforskrifta (B-undersøkingar etter NS 9410), og har vanlegvis også vilkår i løyvet etter ureiningslova om meir omfattande granskingar av resipienten med jamne mellomrom (C-undersøkingar, m.m.) i tillegg.

¹ <https://www.fylkesatlas.no/>

² <http://kart.naturbase.no/>

³ <http://www.vann-nett.no/saksbehandler/>

⁴ <https://kart.fiskeridir.no/>

Miljøtilhøva ved Bårøy er undersøkt med fleire ulike typar miljøundersøkingar. Det er gjort straummålingar i 2005 og 2014, B-undersøkingar er utført jamleg dei siste åra, og det er gjennomført C-undersøking i 2000 og 2014. Miljøgranskningane ved anlegget viser blautbotn i store delar av anleggsområdet, men også innslag av hardbotn/steinbotn med lite sediment. Botnsubstratet i Bårøyosen er elles i hovudsak leirbotn, i følge sjøkart.

2014-straummålinga er gjort utanfor søraustenden av anlegget, og viser klare hovudretningar mot nordvest nær overflata og ved botn (5 og 70 meter) og mot sør-søraust i spreingsdjupet (15 og 40 meter). 2005-målinga er frå nordenden av anlegget, og viser straum med jamnare fordeling på hovudretningar mot både nord-nordvest og søraust på alle måledjup (5, 15 og 50 meter). 2014-målinga viser noko sterkare gjennomsnittsfart på 5 meter enn 2005-målinga (9,1 vs. 6,2 cm/s), og har målt sterk botnstraum (7,1 cm/s).

To av dei tre siste B-undersøkingane (2012 og 2016) er gjennomført med høg biomasse i anlegget. Den tredje (2014) er gjort med låg biomasse.

- I 2012 var det produksjon i tre ringar på lokaliteten, og undersøkinga var gjort litt før maksimal biomasse. Miljøtilstanden for enkeltstasjonane fordelte seg på alle tilstandsklassar 1-4, med 2 stk. prøver i uakseptabel tilstand 4 og 2 stk. i dårleg tilstand 3 (av 10 prøver totalt). Lokaliteten sin middeltilstand vart samla vurdert til miljøtilstand 2.
- I 2014 var det produksjon i fire ringar på lokaliteten. Lokaliteten hadde hatt eit halvt års brakklegging før utsett. Alle enkeltstasjonar og lokaliteten samla hadde beste miljøtilstand 1 ved prøvetakingstidspunktet, eit halvt år etter utsett.
- I 2016 var det også fire ringar på lokaliteten, og undersøkinga var gjort like etter maksimal biomasse. Også denne gongen var resultatata fordelt på alle tilstandsklassane, men talet på prøver med uakseptabel tilstand 4 hadde auka til 5 stk. (av totalt 12). I rapporten er ein prøve som eigentleg har tilstand 4 feilklassifisert som tilstand 2. Det ser ut for at tilstanden under dei to midtarste ringane har blitt ein klasse dårlegare på dei av prøvepunktta som ligg på om lag same stad som vart undersøkt i 2012. Hardbotn/ lite sediment under den sørlegaste ringen og lengst nord i anlegget gjer likevel at snittet for lokaliteten vert trekt opp til miljøtilstand 2.

C-undersøkinga frå 2000 fann eit noko høgt organisk innhald i sedimentet både ved anlegget og i djupområda nord og sør i Bårøyosen, men konkluderte ut frå dyrelivet i prøvane med at alle desse prøvestasjonane var i biologisk likevekt utan teikn til belastning frå anlegget.

C-undersøkinga frå 2014 undersøkte sedimentet på om lag same stad som stasjonane nærmast anlegget i 2000, og med ein ny fjernstasjon lenger vest i Bårøyosen. Resultata er delvis samanliknbare med undersøkinga frå 2000. Oksygentilhøva er gode nær botn, og det er ikkje funne kopar og sink ut over normal bakgrunnsverdi i sedimentet. Rapporten viser noko organisk belastning nord for anlegget (tilstandsklasse IV – dårleg – for TOC), men betre på sørsida (tilstand I). Tilstandsklassen ut frå dyrelivet er svært god (tilstand I) vest i Bårøyosen, og god (tilstand II) nord og sør for anlegget.

Dominerande artar av botndyr ved lokaliteten er likevel endra sidan 2000. I 2000 var det fleire ureiningssensitive artar (NSI-gruppe I) til stades i «topp-10-lista» over mest talrike artar ved alle tre prøvepunkt, og berre ein ureiningstolerant opportunist (NSI-gruppe IV). I 2014 er det ikkje lenger nokon ureiningssensitive artar blant dei ti mest talrike artane på dei to stasjonane nord og sør for anlegget, og det er kome fleire ureiningstolerante opportunistar i tillegg til den eine ein hadde i 2000. Fjernstasjonen lenger vest i Bårøyosen kan ikkje samanliknast direkte med tidlegare data. Men blant dei ti mest talrike artane her, er det tre ureiningssensitive og ein ureiningstolerant opportunist. Resultata verkar dermed å likne litt på dyrelivet som vart funne på dei andre stasjonane i 2000.

Shannon-Wiener-indeksen er likevel noko høgare vest i Bårøyosen enn det som vart funne på dei andre stasjonane i 2000, og viser såleis ein rikare artsdiversitet.

Eventuelle spesielle naturverdiar og dagens tilstand i miljøet rundt lokaliteten Bårøy er ikkje undersøkt utover det som er nemnt over om databaseregistreringar, botnfauaen og sedimentet. Det føreligg difor ikkje detaljert kunnskap om alle sårbare artar og naturtypar som kan finnast i nærleiken, og som eit auka utslepp frå anlegget potensielt kan påverke negativt. Den generelle kunnskapen om korleis eit akvakulturanlegg kan påverke naturverdiar, og kor mykje eller lite ein kan forvente at dette anlegget kan påverke sine omgivnader, er også mangelfull.

Havforskningsinstituttet oppsummerte i 2016⁵ kunnskapen ein har om effektar av utslepp frå akvakulturanlegg på ulike marine naturtypar og nøkkelområde for biologisk mangfald. Dei reknar t.d. tareskog som ein relativt robust naturtype med evne til rask reetablering, medan t.d. ålegrasenger og andre grunne blautbotnområde er meir sårbare naturtypar som kan bruke lang tid på å rehabilitere seg. For gyteområde vert det vist til kunnskapsmangel om korleis organiske utslepp og utslepp av lusemidlar frå akvakultur kan påverke. Ei generell vurdering er at det er mindre fare for stor negativ påverknad på artar og naturtypar når avstanden vert over ein kilometer eller meir.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngeving for vilkår

Sjølv om det er kunnskapshol om det marine naturmangfaldet, og om verknader av akvakultur på naturmangfaldet generelt, er kunnskapsgrunnlaget likevel ikkje vurdert som så mangelfullt at Fylkesmannen ikkje kan ta stilling til denne søknaden om utviding. Men vi meiner at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova må leggjast vekt på når ein skal vurdere om utsleppa er forsvarlege for miljøet.

Løyve til utslepp frå oppdrettsanlegg har vorte gradvis meir omfattande over tid, ettersom fleire forhold er omtalt og utdjupa. Gamle løyve kan opphevast eller endrast med heimel i ureiningslova § 18, m.a. når det er gått meir enn 10 år sidan løyvet vart gitt. Oppdateringar av løyve skal sikre likebehandling av nye og eksisterande verksemder. Det tidlegare løyvedokumentet frå 2006 vert oppheva og erstatta med nytt løyve med meir tidsmessige standardvilkår og utforma etter ny mal for utsleppsløyve. Oppdateringane skal ikkje oppfattast som vesentleg skjerping eller lemping av vilkåra til 2006-løyvet, men som presiseringar i høve til dagens regelverk og praksis.

Vi har ved avgjerda av om løyve etter ureiningslova kan gjevast, og ved fastsetjinga av vilkåra, lagt vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanhalde med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil føre med seg. Ved sida av resipientvurderingar, er det eit viktig prinsipp i vår sakshandsaming at beste tilgjengelege teknikkar skal takast i bruk for å førebyggje ureining. Det vert difor stilt ei rekkje krav (vilkår for løyvet) som gjeld drifta ved anlegget, for å halde utsleppa på akseptable nivå – gode driftsrutinar gjev mindre utslepp. Føremålet med å setje vilkår for løyvet er å mest mogleg hindre, minimalisere og førebyggje skade og ulempe for miljøet som følgje av utslepp frå verksemda. Dette gjeld for både støy, lukt og ureining til vatn eller grunn. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land. I vilkåra vert det m.a. sett krav til miljøtilstanden i resipienten.

Miljøgranskningane som er gjort ved Bårøy tyder ikkje på at utsleppa frå anlegget har medført direkte miljøskade på lokaliteten hittil, eller at det er grunn til å tru at dagens produksjonsnivå skal gjere det på sikt. Jamt over er samla miljøtilstand etter NS 9410 og generell vassmiljøklassifisering innanfor det akseptable. Siste B-undersøking viser likevel at belastninga på botn er blitt ganske stor i delar av

⁵ http://www.imr.no/filarkiv/2016/04/effekter_av_utslipp_fra_havbruk_pa_rodlista_marine_habitat.pdf/nb-no

anleggsområdet (uakseptabel tilstand 4, på 5 av 12 målepunkt), og C-resultata viser eit botndyr-samfunn ved lokaliteten som over tid har blitt meir prega av ureiningstolerante artar og organisk belastning i sedimentet, sjølv om artsmangfaldet i sum enno er i «god» miljøtilstand. Vi vurderer at det er ein viss fare for at ei ytterlegare stor utviding av produksjonen kan medføre at miljøtilhøva under anlegget ikkje vil rekke å bli normalisert att mellom utsett, eller at overgangssona rundt anlegget kan komme ut av balanse.

Ut frå ei føre-var-tilnærming, gjev vi difor ikkje løyve til ei permanent utviding til 5460 tonn MTB ved Bårøy no. Vi gjev løyve til **mellombels utviding, for eit utsett av fisk**. Ei delvis eller full utviding kan eventuelt gjerast permanent seinare, dersom verksemda dokumenterer at miljøet toler det. Det er avklart med søkjar at det planlagte 2017-utsett vil vere ferdig utslakta våren 2019, og at eit mellombels løyve som gjeld ut mai 2019, vil dekke heile den neste produksjonssyklusen.

Produksjonsforhold og drift

Eit tradisjonelt ope, flytande akvakulturanlegg er ikkje tilrettelagt for reinsing, oppsamling eller måling av utsleppa som følgjer av produksjonen i form av overskotsfôr, ekskrement frå fisken, kjemikalie- og legemiddelbruk, osb. Inntil det eventuelt vert sett strengare felles nasjonale bransjekrav til alle flytande akvakulturanlegg, må utsleppet difor regulerast indirekte på "innsatsida", og ikkje som ei direkte avgrensa utsleppsmengd. Utsleppa frå anlegget er i dette løyvet indirekte regulerte gjennom å setje ei ramme for produksjonen, setje utsleppsreducerande vilkår til drifta, og setje krav til at miljøtilstanden i resipienten skal oppretthaldast på eit tilfredsstillande nivå. Det er ikkje sett konkrete utsleppsgrenser for kjemikaliar, legemiddel m.m., og utsleppsløyvet er ikkje til hinder for nødvendig bruk av dette på lokaliteten.

I vilkår 3 er det sett krav å minske utslepp som følgje av fôringa. Det er også sett krav om at død fisk skal takast opp av merdane før han går i oppløysing. Organisk avfall kan utnyttast og skal difor takast vare på. Fisk som går i oppløysing utgjer ei dårleg utnytting av ressursar og ei tilleggsbelastning på miljøet i resipienten.

Lysregulering av veksttilhøve er i mange høve til fordel for effektiv produksjonsauke. Slik lysbruk som ikkje er avskjerma har samstundes vist seg å kunne vere til stor ulempe for omgivnaden. Kravet om lysavskjerming i vilkår 5 må difor sjåast i samheng med § 11, 4. ledd i ureiningslova.

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgivnaden, jf. vilkår 6. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16. Jamvel om verksemda held seg innafør grenseverdiane sett for støy, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi. Dette gjeld mellom anna skjerming av aggregat, vifter o.l.

Miljøtilstand og overvaking

Verksemda pliktar å skaffe så godt oversyn som praktisk mogleg over eigne utslepp, og verknadane av utsleppa. Overvaking av miljøtilstand og mogleg endring av tilstanden i resipienten vil avgjere om utsleppa kan vere forsvarlege også i framtida. Det vil seie at verksemda må etablere eit program som dokumenterer at utslepp frå ordinær drift på lokaliteten vil vere forsvarleg, både i høve til overflatelag og stranda i nærområdet til anlegget, og resipienten elles. Miljøtilstanden i resipienten skal oppretthaldast på eit tilfredsstillande nivå (vilkår 11).

Nokre viktige punkt er nemnt her, sjå meir utfyllande tekst i vilkår 11.2 i løyvet:

- Miljøovervakinga i resipienten må etablere faste overvåkingsstasjonar som kan følgjast over tid. Prøvepunkt m.m. for C-undersøking må fastsetjast på førehand, jf. nye krav i NS 9410 frå 2016.
- Neste C-undersøking skal utførast i løpet av første produksjon med utvida utsleppsløyve (2017-utsettet), med om lag maksimal utsleppsbelastning på lokaliteten. Resultata skal samanliknast med tidlegare undersøkingar frå 2000 og 2014, og rapporten må gje ei fagleg vurdering av resipienten si evne til å omsette auka utslepp ved ei eventuell permanent utviding av lokaliteten frå 3120 tonn MTB til 5460 tonn MTB.
- Alle delar av C-undersøkingar skal gjennomførast av kvalifisert og uavhengig organ, som er akkreditert for oppgåva.
- Enkle strandsonesyntfaringar skal gjennomførast jamleg, i sommarhalvåret.

Undersøkningsnivået må ha eit klårt fokus på at granskingane har som formål å dokumentere miljøeffektar av utsleppa frå anlegget, utstrekninga til effektane, og i den grad det er mogeleg også utviklingstrendar. Granskingane skal elles vere tilpassa utsleppa verksemda har, og ein kan eventuelt samarbeide med andre som har utslepp til same område.

Avfall

Avfall skal handterast på forsvarleg måte slik at det ikkje oppstår fare for ureining eller kan verke skjemmande. Alt avfall som verksemda sjølv ikkje kan utnytte eller gjenbruke skal leverast vidare til godkjent mottak. Det er berre fylkesmannen eller Miljødirektoratet som kan godkjenne nærare kven som kan ta imot avfall. Nokre sentrale krav er presiserte i vilkåra, men det vert streka under at både ureiningslova og avfallsforskrifta (jf. spes. kap. 11 om farleg avfall) set fleire krav til avfallshandteringa enn det som er omtalt her.

Tvilsspørsmål må takast opp med fylkesmannen. Dumping av død fisk eller anna avfall i sjø, nedgraving på land eller brenning er ikkje tillate.

Dersom det er nødvendig med slamfjerning frå sjøbotn må det søkjast om eige løyve til dette frå fylkesmannen. Ev. søknad må vere skriftleg og må innehalde omtale av m.a. korleis slammet er tenkt teke opp, transportert og disponert. Grunna smittefaren må også veterinærstyresmaktene varslast. Oppsamla slam skal om mogleg nyttast til gjødsel/jordforbetningsmiddel, og må i så fall handsamast i høve til gjeldande regelverk på dette området.

Notvask

Det er forbode å sleppe ut miljøskadelege kjemikaliar under vask og impregnering av oppdrettsnøter, jf. ureiningsforskrifta. Det er gjort visse unntak for reingjering av not på sjølve oppdrettslokaliteten. Dette gjeld grovreingjering før nota vert fjerna frå anlegget eller nota blir ståande/sett ut i sjøen igjen utan å påførast impregnering.

For nøter som ikkje inneheld miljøskadelege kjemikaliar, og det ved vask/ impregnering heller ikkje blir nytta miljøskadelege midlar, vil nøtene kunne vaskast og re-impregnerast på oppdrettslokaliteten dersom dette skjer på ein slik måte at miljøet ikkje blir påverka i særleg grad. Blir utsleppa vurdert som lite miljømessig forsvarlege, må utsleppa reinsast og restane av groe handsamast som avfall. Det er verksemda sitt ansvar å halde seg oppdatert på kva for kjemikaliar som blir definert som miljøskadelege.

Ved vask/reingjering av nøter på oppdrettslokaliteten vil begroingsrestane søkke til botnen på staden, og utsleppa vil komme som tilleggsbelastning på resipienten, i tillegg til dei andre utsleppa frå oppdrettsanlegget (fôrspill, fekalier, osb).

Konklusjon

Søknaden er vurdert i høve til føringane i vassforskrifta, naturmangfaldlova og ureiningslova. Etter vår vurdering er det ikkje noko som tyder på at etablering av den omsøkte oppdrettsaktiviteten, med dei vilkåra som er sett, vil føre til endring av tilstandsklassa i vassførekomsten totalt sett.

Fylkesmannen meiner at søknaden er godt nok opplyst til at vi kan handsame saka etter ureiningslova, jf. nml. §§ 8-10. Vi finn at nytt løyve etter ureiningslova for utslepp av nærings salt, organisk stoff og kjemikalier/legemidlar frå akvakultur ved lokaliteten Bårøy, med dei vilkåra som er sett (jf. nml. § 12), ikkje vil vere i strid med føringane som er gitt i naturmangfaldlova.

På bakgrunn av søknaden og etter ei vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold innafor Fylkesmannen sitt sektoransvar, har vi kome til at det kan gjevast mellombels løyve etter ureiningslova ved Bårøy, på nærare spesifiserte vilkår.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller er presiserte eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

Varsel om gebyrbetaling

Ureiningsforskrifta kapittel 39 inneheld gjeldande regelverk for innkrevjing av gebyr for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve etter ureiningslova og oppfølging av dette (tilsyn). Søknaden om nytt utsleppsløyve er løyvearbeid etter ureiningslova som det skal betalast gebyr for. Ressursbruken knytt til saksbehandlninga er lagt til grunn ved valet av gebyrsatsen.

Gebyrsatsane i forskrifta er endra frå 01.01.2017. Ettersom aktuell sats i 2017 utgjer eit litt lågare beløp enn i 2015/2016 (pga. ei ny oppdeling i «steg» mellom satsane), bruker vi no gebyrbeløpet ved tidspunktet for vårt vedtak, altså 2017, og ikkje ved søknadstidspunktet, som har vore vanleg praksis hjå oss tidlegare.

På grunnlag av arbeidsmengda som søknaden om løyve om utviding av akvakulturanlegg ved Bårøy medfører for Fylkesmannen, varslar vi at gebyret vil bli fastsett til sats 6, jf. ureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Det vil seie at det skal betalast eit gebyr på kr 19 700.

De har høve til å komme med merknader til varselet om gebyr. Dersom vi ikkje mottek merknader innan tre veker, vert det gjort vedtak i samsvar med varselet.

Risikoklasse

Anlegget ved Bårøy er ut frå ei samla vurdering av risikopotensialet ved denne typen verksemdar, og opplysningane som ligg føre om utsleppa, utsleppsstaden og miljøtilstanden i resipienten plassert i risikoklasse 3, jf. § 39-3 i ureiningsforskrifta.

Risikoklassifiseringa er eit uttrykk for ureiningspotensialet som ligg føre, og er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Plasseringa i risikoklasse gjev føringar for den rutinemessige formelle kontakten mellom Fylkesmannen og verksemda framover. Klassifiseringa har m.a. innverknad på kor ofte Fylkesmannen er venta å gjennomføre tilsyn med verksemda.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Det er ein føresetnad at verksemda har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og løyvet.

Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) er eit felles regelverk for tilsynsetatane som er kjent som HMS-etatane. Regelverket og korleis ein generelt må arbeide for å stette krava, er nærare omtalt på www.regelhjelp.no. Krava om tiltak for "ytre miljø" (tiltak for vern mot ureining og ei betre handtering av avfall) gjeld alle verksemder som har minst ein tilsett. Plikta til internkontroll som gjeld det ytre miljøet er difor presisert i vilkåra. Forskrifta omtalar kva for oppfølging av krav som må dokumenterast skriftleg, og korleis ein bør organisere arbeidet.

Andre viktige miljølovkrav

Vi gjer spesielt merksam på at mange krav til verksemda går direkte fram av lov/forskrift og vert ikkje gjentekne som vilkår i det vedlagte løyvet. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda m.a. å følgje krava i ureiningslova og produktkontrolllova, og forskriftene som er heimla i desse lovene. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnde, har vi meint å informere verksemda og ålmenta om spesielt viktige krav, og i nokre høve presisere og tilpasse generelle reglar til verksemda. Ved tvil om tolking gjeld likevel krav i lovverket over vedtak i løyvet, dersom lovteksten ikkje gir styresmakta heimel til særskild unntak eller skjerping. Nettstaden www.regelhjelp.no gir oversikt over dei viktigaste ureinings- og avfallshandteringskrav til ei rekkje bransjar/verksemder i Norge, inkludert akvakultur.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova, samt forskrifter fastsette i medhald av desse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale. Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørgje for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

Eit løyve etter ureiningslova avgrensar ikkje på nokon måte andre, privatrettslege nærings- eller grunneigarrettar som nokon måtte ha i omsøkt område. Eventuell etablering og oppstart av omsøkt produksjon bør difor berre skje dersom søkjar elles har sikra at det ikkje er konflikt med andre private rettार.

At ureininga er tillaten, frittek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Klagerett

Fylkesmannen sitt vedtak, herunder fastsetjing av risikoklasse eller vilkår i løyvet, kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er på tre veker, og tek først til å gjelde etter at avgjerda frå fylkeskommunen i høve til akvakulturlova er klar.

Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunnjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, med kopi til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaka vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige initiativ avgjere at vedtak ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta; kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven.

Vedtaket vert kunngjort på Fylkesmannen sine nettsider, www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- 1 Firda Sjøfarmer AS – løyvedokument lok. Bårøy – mellombels utviding til 5460 tonn MTB
- 2 Skjema "Orientering til Fylkesmannen..." (utfylt skjema skal sendast i retur til Fylkesmannen)

Kopi på EDU/e-post:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Gulen kommune
Fiskeridirektoratet, Region vest
Mattilsynet, avd. Bergen og omland



Løyve etter ureiningslova til akvakulturanlegg for matfiskproduksjon på lok. Bårøy – Firda Sjøfarmer AS

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova), § 11 jf. § 16. Med heimel i § 18 i ureiningslova, vert tidlegare utsleppsløyve dagsett 11.09.2006 oppheva.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad oversend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 01.02.2016, og opplysningar framkome under behandlinga av søknaden.

Verksemddata

Akvakulturlokalitet ¹	11749 Bårøy		
Produksjonskapasitet	3120 tonn MTB matfisk av laksefisk - mellombels utvida til 5460 tonn MTB fram til 31.05.2019		
Kommune og fylke	Gulen i Sogn og Fjordane		
Verksemd	Firda Sjøfarmer AS		
Postadresse	Kalvøyna 75, 5970 Byrknesøy		
Org. nummer	936 678 432 (føretaksnr.)		(bedriftsnr.)
NACE-kode	03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	Risikoklasse
06/4931 – 542.1	1411.0052.01	2017.0068.T	Akvakultur	3
Kartreferanse (UTM 32, EUREF89)	Kartblad (M711, N50, 32V)	Vassdragsnr. (REGINE)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
275050 6763820	1116-4	068.3	0280010202-C Kvitnesosen	Ytre Sogn

Løyve er gitt: 24.01.2017		
Nils Erling Yndesdal fylkesmiljøvernssjef		Gunn Helen Henne senioringeniør

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift

¹ Jf. akvakulturregisteret, <http://www.fiskeridir.no/register/akvareg/>

Innhald

0. Føresetnader	3
1. Produksjonsforhold	3
2. Generelle vilkår	3
2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg	3
2.2. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø	4
2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold	4
2.4. Nærmiljø	5
3. Utslepp til vatn	5
3.1. Utsleppsmengder	5
3.2. Utsleppsreducerande tiltak	6
3.2.1. Fôring	6
3.2.2. Dødfiskopptak	6
4. Lukt	6
5. Lys	6
6. Støy	6
6.1. Utsleppsgrenser	6
6.2. Dokumentasjon på støynivå	7
7. Kjemikal	7
8. Avfall	8
8.1. Generelle krav	8
8.2. Organisk produksjonsavfall	8
8.3. Medisin og kjemikalrestar	9
9. Beredskap mot akutt ureining	9
10. Miljøinformasjon	9
10.1. Kunnskap	9
10.2. Journalføring	9
10.3. Informasjon	9
11. Miljøtilstand og -overvaking	10
11.1. Krav til miljøtilstand	10
11.2. Krav til overvaking	10
11.3. Rapportering til Fylkesmannen	11
12. Tilsyn	11
13. Større endringar	11
13.1. Endringar og utskifting av utstyr	11
13.2. Eigarskifte	11
13.3. Nedlegging eller lengre driftsstans	11
VEDLEGG 1	
Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1	13
VEDLEGG 2	
Definisjonar	14

0. Føresetnader

Dette løyvet erstattar tidlegare løyve på lokaliteten. Dette løyvet etter ureiningslova gjeld frå det tidspunktet Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve endeleg løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak er å gje løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som går fram av dette løyvet, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter ureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra til løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

1. Produksjonsforhold

Løyvet gjeld ureining frå merdbasert akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogaure i sjø på lokaliteten Bårøy i Gulen kommune. Løyvet gjeld også for aktivitet på eventuell landbase knytt til denne produksjonen.

Løyvet gjeld permanent for ein maksimal tillaten biomasse (MTB) på inntil 3120 tonn av laks, aure og regnbogaure på lokaliteten, og mellombels for ei utviding til 5460 tonn MTB fram til 31.05.2019. Ramma gjeld den samla matfiskproduksjonen på lokaliteten.

Ved endringar i høve til dette skal verksemda søke om endring av løyvet.

Verksemda er plassert i risikoklasse 3.

2. Generelle vilkår

2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

Verksemda skal etterleve ureiningslova sitt føre-var-prinsipp for å redusere miljøpåverknaden av drifta og forbruket av ressursar.

Verksemda pliktar å redusere sine utslepp, så langt dette er teknisk mogleg, med best tilgjengeleg teknologi. For å unngå eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nytte den teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultatata for noverande og framtidig tilstand i miljøet.

Utslepp av prioriterte stoff (sjå vedlegg 1) er ikkje tillate, med mindre dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet. Andre utsleppskomponentar som ikkje er uttrykkjeleg regulert i løyvet, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om utsleppa var gjort kjent i samband med sakshandsaminga, eller må reknast som kjent då løyvet vart gjeve.

2.2. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemnda bør som del av sin internkontroll halde seg oppdatert på kva som til ei kvar tid er beste tilgjengelege teknologi for bransjen².

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse³ av aktiviteten sin. Analysen skal omtale alle forhold ved verksemnda som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem inne på verksemnda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Med grunnlag i analysen skal verksemnda vurdere risiko og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet. Fylkesmannen kan overprøve verksemnda sine vurderingar og konklusjonar.

Verksemnda sin internkontroll⁴ for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risikovurderingane, krav i dette løyvet og andre relevante krav etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift.

Verksemnda skal ha oversikt over dei miljøressursane (sjå vedlegg 2) som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

Verksemnda skal ha ein representant på anlegget som er ansvarleg i høve til krava i dette løyvet og generelle krav i ureiningslova med forskrifter, samt skal syte for overvaking og vedlikehald av internkontrollen når det gjeld det ytre miljøet. Den ansvarlege for løyvet skal før produksjon vert starta opp, returnere utfylt skjema til Fylkesmannen (jf. vedlegg "orientering til Fylkesmannen". Endringar i opplysningane i skjemaet skal straks meldast til Fylkesmannen ved innsending av nytt skjema⁵ eller på e-post til fmsfpost@fylkesmannen.no

2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining eller manglande avfallshandtering, pliktar verksemnda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemnda skal straks informere⁶ Fylkesmannen og nabolag

- når det oppstår unormale driftsforhold som kan gje synleg/merkbar ureining i strandsona eller elles i anlegget sitt nærområde,
- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at utslepp til omgjevningane av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt,

² Omgrepet beste tilgjengelege teknologi/ BAT ("best available techniques") og krav til slik teknologi er i utgangspunktet knytt til EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED-direktivet, *directive 2010/75/EU on industrial emissions (integrated pollution prevention and control)*), som akvakultur per i dag ikkje er omfatta av. Ureiningslova § 2, 1. ledd pkt. 3 viser til liknande generell retningsline på ureiningsområdet som vil gjelde alle verksemder: "For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater." BAT-dokumentasjon for akvakultur ligg føre frå Nordisk Ministerråd i rapporten TemaNord 2013:529, *Bat for fiskeopdræt i Norden*, www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529

³ Framgangsmåten bør følgje NS 5814:2008 *Krav til risikovurdering* (eller seinare utgåve)

⁴ Jf. *forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

⁵ Skjemaet ligg ute på våre nettsider www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/

⁶ Merk at verksemnda også har varslingsplikt etter *forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining* av 09.07.1992, nr. 1269.

- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra over lenger tid eller på annan måte enn normalt.

Ved gjentekne hendingar skal verksemda etablere eit dokumentert system for registrering av klager/meldingar og eiga oppfølging. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hendinga, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknader og hindre gjentakning. Informasjonen skal gjerast kjent for nabolag og Fylkesmannen.

2.4. Nærmiljø

Verksemda skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta (utslepp til vatn og luft, lukt, støy, støv, skadedyr, framande artar (sjå vedlegg 2), og innsyn m.m.) vert redusert til eit minimum. Som nærmiljøet til verksemda reknast folk, tamme og ville dyr, fuglar, planter og anna liv på land og i vatn, samt spesielle natur- og landskapselement som måtte finnast nær ved anlegg eller landbase.

Alt av innsatsstoff, kjemikal, medisin, avfall, m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare ved anlegget eller landbasen, eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal lagrast forsvarleg og vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Sikringa kan m.a. vere tilstrekkeleg inngjerding/ innebygging, container eller tett lagertank.

Alle lagertankar for flytande tilsatsstoff, innsatskjemikal eller avfall som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal sikrast mot overfylling og lekkasje. Dersom tankvolumet har større kapasitet enn 1 000 liter skal sikringa minst ha oppsamlingsvolum tilsvarande kapasiteten på tanken pluss 10%.

For lagring av farlege kjemikal eller farleg avfall i tank som ikkje er grave ned, gjeld elles krava i kapittel 18 i ureiningsforskrifta.

3. Utslepp til vatn

Drifta skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet ut over det som vert tillate i dette løyvet.

3.1. Utsleppsmengder

Utsleppa til vatn skal reduserast i så stor grad som teknisk og økonomisk mogleg.

Det er ikkje sett direkte utsleppsgrenser for utsleppa til vatn av organisk stoff, næringsstoff, kjemikal og legemidlar m.m. frå produksjonen. Utsleppa er indirekte avgrensa gjennom ei produksjonsramme (pkt. 1), krav til drifta (pkt. 2 og 3.2) og krav til miljøtilstanden i resipienten (pkt. 11.1).

Eventuelle utslepp av miljøskadelege kjemikal (i hovudsak koparsambindingar) frå notimpregneringsmiddel som følgje av utlekking frå impregnerte nøter i bruk på lokaliteten, grovspyling av nøter som står i sjøen, eller grovspyling ved notskift, er tillate. Utslepp av miljøskadelege kjemikal som følgje av ordinær notvask og/eller impregnering av nøter på lokaliteten er *ikkje* tillate⁷.

⁷ Jf. kap. 25 i ureiningsforskrifta om ureining frå vask og impregnering av oppdrettsnøter: *Forskrift om begrensning av forurensning* (forurensningsforskriften) - FOR-2004-06-01-931.

For utslepp av ev. oljehaldig avløpsvatn til sjø skal oljeinnhaldet vere under 50 mg/l.

3.2. Utsleppsreducerande tiltak

3.2.1. Fôring

Tap og spill av fôr skal reduserast mest mogleg. Fisken skal ikkje overfôrast eller fôrast på ein slik måte at det kan gje skade eller ulempe for det ytre miljø.

Verksemda skal ha skriftlege rutinar som sikrar ei utfôring i den daglege drifta som minimerer utslepp til miljøet. Ved høgt samla fôrforbruk for ein produksjonssyklus, skal årsaker kartleggjast og nødvendige tiltak setjast i verk for å redusere fôrforbruket på neste utsett.

3.2.2. Dødfiskopptak

Død fisk skal i størst mogleg grad fjernast frå merdane før den går i oppløysing. Død fisk bør om mogleg takast opp av sjøen minst kvar dag i sommarhalvåret og annankvar dag i vinterhalvåret. Når det dør meir fisk i anlegget enn vanleg, skal opptaksfrekvensen aukast tilsvarende.

4. Lukt

Diffuse utslepp frå produksjons- og lagerområde m.m. som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest muleg. Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av nøter, tauverk og anna utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

5. Lys

Lys som vert nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved busetnad, fritidshus o.l.

6. Støy

Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16. Planlagt støyande aktivitet utanom dette skal varslast til Fylkesmannen og nabolag, jf. pkt. 2.3.

Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi.

6.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy ved nærliggande og eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride grensene under for kvart driftsdøgn, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdag	Sun- og heilagdag	Kveld (1900 – 2300), kvardag	Natt * (2300 – 0700), alle døgn	Natt (2300 – 0700), alle døgn
55 dB (A) L _{den}	50 dB (A) L _{den}	45 dB (A) L _{den}	50 dB (A) L _{evening}	45 dB (A) L _{night}	60 dB (A) L _{AFmax}

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

For rekreasjonsområde som må sjåast på som stille område skal støy ikkje overstige 40 dB(A) utrekna som L_{den} midla over døgnet.

Dersom reintonelyd eller impulslyd opptre med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Alle støygrenser skal haldast i alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet, spyling av nøter og lossing/lasting av fisk, fôr og anna. Støy frå bygge- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar, som er etablert etter at verksemda starta opp. Støygrensene gjeld heller ikkje for bygning av nemnde typar som er eigd eller på annan måte disponert av nokon som har direkte økonomisk interesse i verksemda.

6.2. Dokumentasjon på støynivå

Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut støy over tillatne grenseverdier. Verksemda pliktar å dokumentere støynivåa dersom det vert gitt nærare krav frå Fylkesmannen.

7. Kjemikal

Ved bruk av legemiddel og miljøskadelege kjemikal skal verksemda vise særleg aktsemd, slik at utslepp til og eventuell skade på det omkringliggjande miljøet vert minst mogleg.

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal verksemda dokumentere at den har gjennomført ei vurdering av helse- og miljøegenskapane til kjemikalia på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også regelverket om internkontroll.

Verksemda skal ha eit dokumentert system som jamleg vurderer utskifting av helse- og miljøskadelege kjemikal med mindre skadelege kjemikal (substitusjon)⁸. Det skal vere ei oppdatert vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikal som vert nytta, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

⁸ Jf. § 3a i lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11. juni 1976 nr. 79.

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁹, biocidregelverket¹⁰ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Verksemda skal unngå å bruke produkt der sikkerhetsdatabladet har manglande opplysningar i seksjon 12 (økologiske opplysningar), 13 (disponering) og 15 (tilvising til norsk regelverk).

8. Avfall

8.1. Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogeleg, med best tilgjengeleg teknologi og utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av drifta. Innhaldet av skadelege stoff i avfallet skal avgrensast mest mogeleg.

All handtering av avfall skal skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta¹¹.

Avfall som oppstår i verksemda skal søkast gjenbrukt i eigen eller andre verksemder sin produksjon. Avfall som ikkje kan gjenbrukast skal førebuast for materialgjenvinning. Brennbart avfall som ikkje praktisk kan førebuast for gjenvinning skal søkast nytta til energiproduksjon.

Lagring av avfall skal skje på særskild avsett område. Lagring av farleg avfall skal skje under tak og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Lagertankar for flytande avfall er omtalt i pkt. 2.7.

Verksemda må kunne dokumentere at avfall vert levert til/henta av godkjent mottakar, jf. pkt. 10.2. Avfallstypar skal vere varig merkt. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Farleg avfall skal leverast til/hentast av godkjent farleg avfallsaktør minst ein gong årleg.

Brenning av avfall er ikkje tillate utan at det skjer i forbrenningsomn med særskild løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.

Det er ikkje tillate å dumpe avfall i sjøen.

8.2. Organisk produksjonsavfall

Død fisk og anna organisk produksjonsavfall som fôrrestar, slam, feitt, groe m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere større mengder produksjonsavfall som følgje av uhell som t.d. anleggshavari, sjukdom eller anna.

Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppsamla organisk avfall som ikkje inneheld antibiotika, skal utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetningsmiddel, og skal handsamast i høve til gjeldande regelverk¹² på dette området.

⁹ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008 nr. 516.

¹⁰ Forskrift om godkjenning av biocider og biocidprodukter (biocidforskrifta) av 18. desember 2003 nr. 1848 .

¹¹ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) av 1. juni 2004 nr. 930

¹² Forskrift om transport og behandling av animalsk avfall, og anlegg som behandler animalsk avfall, forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, og anna relevant regelverk.

Eventuell antibiotikahaldig død fisk og anna antibiotikahaldig avfall eller slam skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

8.3. Medisin og kjemikalrestar

Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje, må samlast og lagrast forsvarleg før det blir levert til produsent eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld eventuelle oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar og ekskrement.

9. Beredskap mot akutt ureining

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling eller skjemmaende forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gang pr. år.

10. Miljøinformasjon

10.1. Kunnskap

Verksemnda skal kontinuerleg ha oppdatert kunnskap om miljøpåverknaden frå eigen aktivitet og oversikt over viktige miljøressursar (sjå vedlegg 2) i nærleiken som drifta ved anlegget kan påverke.

10.2. Journalføring

Verksemnda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

Tema	Data
Produksjon	Fiskemengd i MTB og total årsproduksjon
Fôr	Fôrtypar og fôrforbruk
Avfall	Typar, mengder og disponeringsmåtar
Kjemikal	Typar og forbruk
Bruk av insekticid, avlusingsmiddel, o.l.	Typar og mengder
Bruk av antibiotika	Typar og mengder
Ev. oppsamla slam med antibiotika	Mengder og disponeringsmåtar
Rømt fisk	Tal rømmingstilfelle og mengder rømt fisk
Miljøtilstand	Oversikt over gjennomførte miljøgranskingar, og resultat av desse

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 5 år og vere tilgjengeleg ved kontroll.

10.3. Informasjon

Verksemnda skal på førespurnad frå naboar eller ålmenta gje ut all relevant miljøinformasjon om eiga drift, så som opplysningar om utslepp frå og avfallshandtering ved verksemnda, og resultat av miljøovervaking. Ved gjentekne klager/førespurnader skal verksemnda ha dokumentert kontakt med

nabolag/ berørte personar med sikte på redusert konfliktnivå. Nokre avgrensingar i informasjonsplikta er omtalt i miljøinformasjonslova¹³.

Kopi av løyvedokumenta skal vere fysisk lett tilgjengeleg for alle tilsette ved verksemda og for alle som har næringsmessig kontakt med verksemda. Løyvedokumenta skal utleverast einkvar på førespurnad.

11. Miljøtilstand og -overvaking

11.1. Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere under anlegget eller i nærsone til anlegget. Utslepp skal heller ikkje gje nemnande reduksjon i naturmangfaldet på eller ved lokaliteten.

I sedimenteringsområde for utslepp frå anlegget skal miljøtilstanden over tid ikkje vere dårlegare enn klasse II "god" (jf. gjeldande rettleiar for klassifisering av miljøtilstand¹⁴) når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og den skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Overflatevatnet i influensområde kring anlegget skal om sommaren ikkje vere dårlegare enn naturtilstandsklassa.

Strandsone i nærområdet til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av utslepp eller anna ureining frå anlegget.

11.2. Krav til overvaking

Verksemda skal syte for nødvendig overvaking av effektar av utsleppa til sjø etter eit risikobasert overvakingssystem. Miljøovervakinga skal gjennomførast jamleg for å dokumentere at krava til miljøtilstand i pkt. 11.1 er oppfylt .

Miljøovervakinga skal femne om anlegget sine nærområde, overflatevatnet i influensområde, og djupvatn, blautbotnfauna og sediment i sedimenteringsområde. Rapport frå miljøgranskingar skal i grafisk og/eller tabellarisk form vise utvikling sidan siste gransking.

Miljøgranskingar skal minst tilfredsstillende krav i Norsk Standard NS 9410 (*Miljøovervåking av bunnpåvirkning fra marine akvakulturanlegg*) og må elles i størst mogleg grad tilpassast vassforskrifta og gjeldande rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn ¹⁴.

- Miljøovervakinga i resipienten må etablere faste overvakingstasjonar som kan følgjast over tid. Prøvepunkt m.m. for C-undersøking må fastsetjast på førehand, jf. nye krav i NS 9410 frå 2016. Det må takast omsyn til straumtilhøve og forventta spreining av partiklar og nedfall ved val av desse.
- Neste C-undersøking skal utførast i løpet av første produksjonssyklus med utvida utsleppsløyve (2017-utsettet), med om lag maksimal utsleppsbelastning på lokaliteten. Resultata skal samanliknast med tidlegare undersøkingar frå 2000 og 2014, og rapporten må gje ei fagleg vurdering av resipienten si evne til å omsette auka utslepp ved ei eventuell

¹³ Lov om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet (miljøinformasjonslova).

¹⁴ Direktoratetsgruppe for Vanndirektivet, 2013: Veileder 02:2013 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*, eller seinare utgåve

permanent utviding av lokaliteten frå 3120 tonn MTB til 5460 tonn MTB.

- Alle delar av C-undersøkingar skal gjennomførast av kvalifisert og uavhengig organ, som er akkreditert for oppgåva.

Det skal gjennomførast ei enkel strandsonesynfaring, der ein ved omtale og eventuell biletdokumentasjon gjer greie for synlege påverknader i nærområdet til anlegget.

- Strandsonesynfaringar må gjennomførast i sommarhalvåret, og skal omtale eventuell feittureining, grønne algar, lausøyre (forsøpling) og liknande tilhøve.

Fylkesmannen kan stille krav om nærare gransking av støy, vassureining, luftutslepp eller andre granskingar som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje ureiningseffekt av dykkar aktivitet i resipienten (jf. ureiningslova § 51). Verksemda skal betale for slike granskingar.

11.3. Rapportering til Fylkesmannen

Alle resultat av overvaking av miljøtilstanden i resipienten skal rapporterast til Fylkesmannen fortløpande. Rapportar skal oversendast Fylkesmannen på elektronisk format.

Overvakingsdata som er relevante for dei nasjonale vassmiljødatabasane, må anten rapporterast direkte inn til databasane, eller leverast til Fylkesmannen på eit format som gjer dei eigna til innlegging¹⁵.

12. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for miljøstyresmaktene eller den som desse gir fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid.

13. Større endringar

13.1. Endringar og utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast endringar i drifta som medfører utskifting av utstyr, teknologi eller installasjonar som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

Ved slike endringar skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast med sikte på å motverke ureining.

13.2. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje starte opp aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande utan avklaring med Fylkesmannen.

13.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller ikkje skal ha produksjon på meir enn 12 månader, skal den ansvarlege melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege er den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget, eigar av anlegget eller brukar av anlegget. Fylkesmannen vil ved behov rette

¹⁵ <http://vanmiljokoder.miljodirektoratet.no/>

krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må dei avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge den ansvarlege å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege sørge for at kjemikal, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift¹⁶. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

¹⁶ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1**Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1.**

Utslepp av disse komponentane er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmere:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCCD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorholdige organiske forbindelser	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloretan	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Nitromuskforbindelser:	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske forbindelser (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre (PFOA)	
Tinnorganiske forbindelser:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5

VEDLEGG 2

Definisjonar

- Med **miljøressursar** som omtalt i vilkår 2.2 og 10.1 meiner vi naturvernområde, naturtypar eller friluftsområde (registrerte i Naturbasen eller andre offentlege verkty) eller plante- og dyreartar (registrerte i Artskart) med sine leveområde.

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>

<http://artskart.artsdatabanken.no/default.aspx>

- Med **skadedyr** i vilkår 2.4 meiner vi både artar som kan vere naturleg utbreidd eller som kan ha kome til som følge av aktiviteten ved verksemda annan aktivitet i tilknytning til verksemda. Dersom tal individ med eit skadepotensial aukar eller det er fare for at tal individ aukar, må tiltak vurderast / eventuelt setjast i verk.
- Med **framande artar** i vilkår 2.4 legg vi til grunn IUCN sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreingspotensial."

Dei omtalte risikokategoriene er svært høg (SE), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på www.artsdatabanken.no.

- **Støy**, jf. vilkår 6:
 - **L_{den}** er A-vegd ekvivalent støynivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB/ 5 dB skjerpning på natt / kveld. Tida i dei ulike periodane er dag: 07-19, kveld: 19-23 og natt: 23-07. L_{den} er nærare omtalt i T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49).
NB! midlingstid for L_{den}-nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift.
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Februar-2014/Veileder-til-retningslinje-for-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging-T-14422012/>
<http://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX:32002L0049>
 - **L_{evening}** er A-vegd ekvivalentnivå for perioden på 4 timar mellom kl. 1900 og 2300.
NB! midlingstid for L_{evening}-nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift.
 - **L_{night}** er A-vegd ekvivalentnivå for perioden på 8 timar natt i mellom kl. 2300 og 0700.
NB! midlingstid for L_{night}-nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.
 - **L_{AFmax}** er A-vegd maksimalnivå for dei 5 – 10 mest støyande hendingane innfor perioden, målt/utrekna med tidskonstant "fast" på 125 ms.
 - Med **immisjon av støy** meiner vi eit mål på støybelastning (innfallande lydtryknivå) på eit punkt ut frå direkte måling og utrekning etter emmisjonsdata (måling ved støykjelda).
 - **Lydeffektnivå (LWA)** er A-vegd lydenergi frå støyande gjenstand/aktivitet.
- Med **kjemikal** i vilkår 7 meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt i verksemda, både som råstoff og som hjelpekjemikal. Døme på slike kjemikal er vaskemiddel, groehindrande middel, legemiddel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel, m.m.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: John Anton Gladsø
Telefon: 57643130
E-post: fmsfjag@fylkesmannen.no

Vår dato
24.01.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2006/4931- 542.1
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune BEST
Askedalen 2
6863 Leikanger

Firda Sjøfarmer AS - fråsegn til søknad om endring og utviding av oppdrettslokalitet Bårøy i Gulen kommune

Vi viser til brev frå fylkeskommunen 01.02.2016 med søknad frå Firda Sjøfarmer AS om endring og utviding av oppdrettslokalitet Bårøy i Gulen kommune. Vi viser også til fråsegn frå Gulen kommune datert 26.06.2016.

Bakgrunn

Firda Sjøfarmer AS har søkt om å utvide arealet og å auke den totale biomassen (MTB) frå 3120 tonn til 5460 tonn. Bakgrunnen for søknaden er:

- Bårøy treng ein ekstra ring for å gjennomføre avlusing og sjukdomsbehandling
- betre og meir rasjonell drift på større lokalitetar med gode miljøtilhøve
- større avstand mellom lokalitetar

Området søknaden omfattar er avsett til akvakultur i arealdelen av kommuneplanen til Gulen kommune.

Fylkesmannen skal vurdere om tiltaket får konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv. Vi vurderer tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova, og vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova, vassforskrifta og laksetildelingsforskrifta § 30. Fylkesmannen har vidare mynde etter ureiningslova, og vil handsame saka etter ureiningslova i eit eige skriv.

Vurdering

Laks og Sjøaure

Forvaltingsmålet for arter (§5) etter naturmangfaldlova er mellom anna å sikre det genetiske mangfaldet til artane på lang sikt. Det nasjonale overvåkingsprogrammet for rømt oppdrettslaks i vassdrag¹ har påvist genetisk innblanding frå rømt oppdrettslaks i mange lakseelvar i fylket. Mellom anna er Vikja og Daleelva (Høyanger) i Sogn er vurderte til å ha høg risiko for genetisk påverknad, med ein årsprosent på over 10 prosent.

Vitenskapelig råd for lakseforvaltning meiner at rømt oppdrettslaks er den største bestandstrusselen for villaks, både ved at den utgjør den største påverknaden og den største risikoen for ytterlegare framtidig reduksjon og tap av bestandar. Oppdrettsnæringa har gjennomført omfattande tiltak som har redusert tal rømt laks i prøvar frå villaksbestandane om hausten, men auka tal oppdrettslaks fører til at tal fisk som rømmer framleis er høgt.

Vitenskapelig råd for lakseforvaltning konkluderer også med at lakselus er ein vesentleg trusselfaktor for villaks i Sogn og Fjordane². Risikovurderinga av norsk fiskeoppdrett i 2016, utført av Havforskningsinstituttet, viser at både utvandrande laksesmolt og sjøaure i Sogn og Fjordane døyr på grunn av til dels høge påslag av lakselus³. I 2016 indikerte data frå varslingsstasjonar eit moderat til høgt påslag av lakselus på vill laksefisk i Sogn og Fjordane⁴. I Solund var nivåa lågare enn ved same tidspunkt i 2015, men nivået har likevel truleg gjeve ein moderat negativ effekt på utvandrande laksesmolt i 2016. Registrering av lakselus på sjøaure i Sognefjorden med storruse i midtre Sogn i perioden 2013-2016 har vidare vist at ein stor del av dei fanga sjøaurane vart vurdert å kunne døy, basert på risikovurderinga til Havforskningsinstituttet⁵.

Med dette kunnskapsgrunnlaget vil det på eit generelt grunnlag vere uheldig med ytterlegare utvidingar som kan føre til auka mengd lakselus og auka fare for rømming. Den samla belastninga på laks og sjøaure er no så stor at vi vurderer at ytterlegare utvidingar er i konflikt med naturmangfaldlova §10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Vi meiner difor næringa må gjennomføre tiltak som reduserer lakselus og hindrar rømming før det er akseptabelt for vill laks og sjøaure å auke tal oppdrettslaks i sjøen.

Ved oppdrettslokalitet Bårøy er det ingen større laksevassdrag. Vi kjenner ikkje til vandringsrutene for laks gjennom området, men det er ikkje usannsynleg at laks også vandrar forbi Bårøy. Uansett er det fleire sjøaureelvar i nærleiken og lengre inn i fjordane som kan bruke området både til vandring og næringssøk. Ei utviding av lokalitet Bårøy kan difor auke smittepresset frå lakselus og andre sjukdommar på villfisk i området.

Vi er ikkje kjend med at det er planlagd spesifikke tiltak for å redusere smitte og faren for rømmingar ved utviding av lokalitet Bårøy, og då meiner vi det vil vere uheldig med ei utviding. Det kan vere ein fordel for handtering av fisk at det vert nye ringar, men dersom desse vert nytta til å auke biomassen vil denne fordelene verte borte.

Sjøfugl

Drift på eit oppdrettsanlegg kan uroe hekkande fugl, og fugl kan trekke mot anlegget for å finne mat. Det er om lag 1 km til Kvernøyana naturreservat som er hekkelokalitet for fleire sjøfuglartar. Vi ventar ikkje at fuglelivet på reservatet vil verte vesentleg påverka av endringa og utvidinga av oppdrettsanlegget.

Anna naturmangfald

Anlegget ligg i nordenden av eit større gytefelt for torsk frå Keipenesosen til Nappsholmen, som er vurdert som lokalt viktig. Det er registrert eit tareområde på nordvestsida av Bårøyana. Tareskog er særst artsrike økosystem som er viktige oppvekstområde for mange artar. Vidare er det om lag 2 km til rekefelta ved Kvitenesosen og Mjømnesen. Reker er ein nøkkelart i økosystemet. Enkelte avlusingskjemikaliar kan ha ein direkte negativ effekt på krepsdyr, og nokre typar kjemikaliar er vanskeleg å bryte ned, og kan finnast att lenge i miljøet. Kjemikaliane kan transporterast langt frå merdane der dei vert brukte, og kan ha miljøverknad både i strandsona og på botn. Straummålingane viser sterk gjennomsnittsstrøm ved fem meters djupne, men korleis kjemikaliane vil spreia seg og fortynnast rundt lokaliteten veit ein likevel ikkje. Kunnskapsgrunnlaget for å vurdere korleis anlegget påverkar dei nærliggjande gyteområda, tareområda og rekefelta er lågt.

Vassførekomsten 0280010202-C Kvitenesosen er karakterisert som ein beskytta kyst/fjord. Ei samla tilstandsvurdering av heile dette området ut frå kjende påverknader og resipientdata tyder på ein antatt god miljøtilstand i vassførekomsten sett under eitt i dag. Området er ikkje sett i risiko for at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert oppnådde i første planfase (2016-2021).

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer at lokalitet Bårøy kan føre til negativ påverknad på anadrom fisk ved auka fare for rømming av fisk som kan påverke bestandar av vill laks, og auka smitte av lakselus og andre sjukdommar som kan påverke vill laks og sjøaure. Ut over dette er vi ikkje kjent med at det er spesielle konflikter for naturmiljøet knytt til denne lokaliteten. På grunn av auka risiko for genetisk påverknad på ville laksebestandar, og svake sjøaurebestandar i fylket, vil vi likevel rå frå at det vert gjeve løyve til å auke biomassen ved oppdrettslokalitet Bårøy.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernshjef

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi:

Mattilsynet
Fiskeridirektoratet
Miljødirektoratet
Firda Sjøfarmer AS
Gulen kommune

Referansar:

1. [Anon. 2016. Rømt oppdrettslaks i vassdrag. Rapport fra det nasjonale overvåkingsprogrammet 2015. Fisken og havet, særnr. 2b-2016.](#)
2. [Anon. 2016. Status for norske laksebestander i 2016. Rapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning nr 9, 190 s.](#)
3. [Svåsand T., Karlsen Ø., Kvamme B.O., Stien L.H., Taranger G.L. og Boxaspen K.K. \(red.\). 2016. Risikovurdering av norsk fiskeoppdrett 2016. Fisken og havet, særnr. 2-2016.](#)
4. [Nilsen, R., Serra-Llinares, M., Kvamme, B.O., Karlsen, Ø., Finstad, B. og Vollset, K.W. Framdriftsrapport til Mattilsynet. Lakselusinfestasjon på vill laksefisk sommeren 2016. Havforskningsinstituttet nr. 32-2016.](#)
5. [Vollset, K.W., Birkeland, I.B., Skår, B. og Barlaup, B.T. Registrering av lakselus på sjøørret i Sognefjorden 2013-2016 – Samlerapport for prosjektperioden. LFI Uni Miljø. Rapport nr. 278.](#)